



Gjestespel

Opplysningar om søkjaren

Nynorsk

Namn:		
Namn på ansvarleg skal oppførast om søkjaren er ei stifting / eit selskap:		
Adresse:		
Postnr:	Stad:	
Mobil:	Tlf:	E-post:

Opplysningar om prosjektet

Tittel på framsyninga:	Premieredato:	
Namn på utøvaren:		
Kort skildring av framsyninga:		
Arrangement – spesifiser type arrangement og målgruppe for gjestespelet:		
Namn på arrangør / aktør:		
Stad for framsyning (by/land):	Dato for framsyning:	Tal for framsyningar:

Opplysningar om økonomien – hovudtal frå budsjettet

Søknadssum: kr _____	
Utgifter totalt: kr _____	Anna / løyvd finansiering: kr _____

Obligatoriske vedlegg (kryss av):

<input type="checkbox"/> Intenjonavtale med arrangør/utøvar	<input type="checkbox"/> Liste over medverkande / funksjonen deira – maks 1 side
<input type="checkbox"/> Budsjett m/finansieringsplan – maks 2 sider	<input type="checkbox"/> CVar på hovudaktørar (gjeld utanlandske grupper)

Andre vedlegg (kryss av):

<input type="checkbox"/> CD/DVD	<input type="checkbox"/> Video	<input type="checkbox"/> Biletmateriale	<input type="checkbox"/> Meldingar	<input type="checkbox"/> Anna
---------------------------------	--------------------------------	---	------------------------------------	-------------------------------

Stad, dato, underskrift

Send søknaden i 7 komplette eksemplar til Norsk kulturråd, Postboks 8052 Dep, 0031 Oslo

Tilskot til gjestespel

Rettleiing for søkjarar

Søknaden

Søknaden skal vere skriftleg og skal sendast i sju eksemplar til Norsk kulturråd.

Søknaden skal ha følgjande opplysningar: a. Namn, adresse, kontonummer og organisasjonsnummer til søkjaren (arrangør eller produksjonseining), og namnet til den som har det samla ansvaret for økonomi, planlegging og gjennomføring av gjestespellet. b. Opplysningar om gjestespellet: - tittel og navn på produksjonseininga - spelestad og namn på arrangøren - søknadssum - speledato(ar) – kva kunstnarar som står bak framsyninga – kva kunstnarar som er med i framsyninga

c. Budsjett og finansieringsplan for gjestespellet, med både offentlege og private finansieringskjelder. d. Andre relevante opplysningar: - litt om sjølve framsyninga - målgrupper og publikumspotensial - eventuell samanheng med andre arrangement - aktualisering – til dømes tilknytning til spelestad, tidspunkt osv.

Kritikkar og andre omtalar bør leggjast ved.

Send søknaden i 7 komplette eksemplar til Norsk kulturråd, Postboks 101, 0102 Oslo

Handsaming av søknaden

Søknaden blir handsama av Fagleg utval for scenekunst i Norsk kulturråd. Utvalet kjem med tilråding og Kulturrådet fattar endeleg vedtak. Søkjaren blir i eige brev informert om vedtaket i Kulturrådet. Tilsegnsbrev gjev nærare rettleiing om vilkåra for tilskotet, som krav om rapportering og rekneskap. Kulturrådet kan ta atterhald om at finansieringa elles går i orden.

Utbetaling av tilskot

Dei som får stønad til gjestespel, må be skriftleg om å få tilskotet utbetalt når det er naudsynt for å gjennomføre gjestespellet, og dei skal samtidig stadfeste at dei vilkåra som er sette i tildelingsbrevet er oppfylte.

Rapport og rekneskap

Det skal snarast mogleg, og seinast tre månader etter at gjestespellet er gjennomført, sendast inn rapport og rekneskapsversyn som er underteikna av den/dei ansvarlege for gjestespellet. For alle tilskot skal det leverast rapport som gjer greie for korleis prosjektet er gjennomført i høve til dei planane som låg til grunn for tilskotet og vilkåra i tilsegnsbrevet. Om planane for gjestespellet må endrast vesentleg, skal mottakaren av tilskotet orientere Norsk kulturråd om dette også utanom ordinært tidspunkt for rapportering. Rekneskap for tilskot over 100 000 kroner skal reviderast av statsautorisert eller registrert revisor. I tillegg til vanlig revisjonsgjennomgang skal det særleg stadfestast at det rekneskapsførte tilskotet er i samsvar med det som er utbetalt frå Norsk kulturfond, og andre offentlege tilskot (statlege, fylkeskommunale og kommunale) skal spesifiserast. Mottakaren av tilskot skal gjere revisor kjent med desse krava til rekneskap.

Oppfølging og rapport

Norsk kulturråd og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskot frå Norsk kulturfond blir nytta etter føresetnadene, jf Stortingets løyvingreglement §17, som har denne ordlyden: "Når det av statsmidler ytes tilskudd eller bidrag til offentlig eller privat virksomhet som ellers ikke er undergitt departementets kontroll, skal det, hvis ikke annet bestemmes, overfor mottakeren tas forbehold om adgang for den forvaltningen som yter bidrag eller tilskudd, og for Riksrevisjonen, til å iverksette kontroll med at midlene nyttes etter forutsetningene." Kulturrådet vurderer rapportar og resultat i høve til fastsette mål for det einskilde tiltaket og for Kulturfondet. Kulturrådet kontrollerer at den økonomiske rapporteringa frå mottakarane av tilskotet er i tråd med krava over, og at stadfesting frå revisor ligg føre.

Send søknaden i 7 komplette eksemplar til Norsk kulturråd, Postboks 8052 Dep, 0031 Oslo

Bortfall av tilskot, krav om tilbakebetaling

Tilsøyna om tilskot fell bort om gjestespelet ikkje har funne stad, eller om det ikkje er bede om utbetaling av tilskot, innan to år etter at søkjaren har fått brev med tilsegn. Kulturrådet kan gjere unntak frå denne regelen etter skriftleg og grunngjeven oppmoding frå den som har fått tilskot. Om gjestespelet ikkje blir gjennomført, når tilskotet ikkje er nytta i tråd med føresetnadene eller om retningslinene for gjestespelstøtta ikke er overhaldne, vil tilskot som ikkje er utbetalte, falle bort, og utbetalte tilskot kan krevjast attende.

Klagerett

Vedtak i Norsk kulturråd kan klagast inn for Kulturdepartementet med omsyn til sakshandsaming og lovbruk, men ikkje med omsyn til fagleg og kunstnarleg skjønn, jf kgl. res. av 20. november 1987. Klage skal sendast til Norsk kulturråd som handsamar klagen etter forvaltingslova.